

Referat elevråd 25.11.19

Til stades: Marius, Miriam, Karlis, Theodor og Åse-Berit

Sak 6/19: Høyring - Budsjett og økonomiplan 2020-2023

1. Elevrådet på Sinnes skule støtter forslaget frå rådmannen om nye lærebøker og kurs når det gjeld **fagfornyelsen**, jf. s. 23.

2. Investering ombygging Sinnes skule

Nokon redde for at politikarane skal seia nei til utbygging, og me ynskjer ombygging fordi:

- mykje slitasje
- fuktskader garderober
- viktig at det er ein god skule å vera på for elevar og lærarar
- elevar har opplevd å nesten blitt tatt av snøras
- utbygginga kan trekka til seg nye innbyggjarar
- det er trygt og godt og nesten ingen mobbing på Sinnes skule

Det blir ein veldig lang dag viss ungdomsskolen må gå på Tonstad. Det blir ikkje tid til lekselesing og dårleg tid til lekser når me kjem heim, og det blir mindre fritid til SMOK, idrett og leik. Mange blir bilsjuka.

3. Bibliotek, s. 30

Elevrådet ønsker at biblioteket skal vera ope på ettermiddagen slik som nå.

Sak 7/19: Litt av kvart

- a) Ønske om at minibussen frå Ådneram kjem litt seinare om morgonen (rundt 5 min).
- b) Elevrådet ynskjer reglar for snøballkrig, og lagar dei sjølv på neste møte.
- c) Gir lærarane lov til å leika *Kongen på haugen*? I tilfelle lagar elevrådet reglar på det òg.